

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
088/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Molvik bigard - Prosjekt- Biesafari til bedrifter og turister 2021 Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Prosjekt- Biesafari til bedrifter og turister 2021* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 088/21 Vedtak:

Prosjektet *Prosjekt- Biesafari til bedrifter og turister 2021* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Molvik bigard er eit enkeltpersonsforetak. Bransje 01.490 Husdyrhold ellers. Registrert 07.10.2014. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Molvik bigard har 20 bikuber i eit eige biehus. Verksemda har også bigardsplassar fleire stader i Alver. Dei produserer og sel ulike honningprodukt.

Gjennom prosjektet «Biesafari til bedrifter og turister» ønskjer søkjar å ta steget vidare og tilby biesafari til bedrifter og turistar på dagtid. I søknaden vert det framheva at sidan mange verksemdar i lengre tid har hatt alle sine tilsette på heimekontor og no skal opna opp att, ønskjer gjerne mange verksemdar å bruke litt pengar på sosiale tiltak for sine tilsette.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å skaffe meir forretningsaktivitet på dagtid gjennom å nå bedrifts- og turistmarknaden. I prosjektet inngår det utgifter til vegskilt langs E39 og i Molvik, fleire birøkerdrakter og hanskar, design og produksjon av 2 rollups til biesafari, prosjektadministrasjon og oversetting av ansvarsfråskrivning til biesafari.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Prosjekt- Biesafari til bedrifter og turister 2021	60 000	30 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei

heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021

21_Molvik Bigard_soknad-2021-0136_30 apr 2021

1573596